
Saksnr: 2022/13833-1**Saksbehandlar:** Torill Klinker

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.02.2022
Fylkesutvalet		08.03.2022

Bybanen til Fyllingsdalen og tilhøyrande stamsykkelveg, varsel om overskriding i høve til styringsramme

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber styringsgruppa i Miljøløftet om å justera styringsramma for Bybanen til Fyllingsdalen og tilhøyrande stamsykkelveg, i samsvar med varsla overskriding.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at overskridinga vert finansiert innanfor gjeldande finansieringsløyising, det vil seie bompengar for bybane-prosjektet og statlege post 30-midlar for sykkelstamvegen.

Samandrag

Fylkesdirektøren vart den 05.02.2022 gjort kjend med ei kostnadsutvikling på bybaneprosjektet, etter at styringsgruppa for Bybanen BT 4 handsama saka den 04.02.2022. Fylkesdirektøren ser det som naudsynt at Fylkesutvalet vert orientert om saka snarast mogleg.

Fylgjande tal vart rapportert (alle tal i 2022-kr):

- Bybaneprosjektet: Sluttprognose kr 7 812 186, som er kr 267 071 over styringsramma og kr 754 009 under kostnadsramma (3,5% over styringsramma)
- Stamsykkelvegen: Sluttprognose kr 1 114 922, som er kr 120 464 over styringsramma og kr 11 659 under kostnadsramma (12% over styringsramma)

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør
Mobilitet og kollektivtransport (MOK)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Styringsgruppa for BT 4 handsama denne saka 04.02.2022 og Fylkesdirektøren vart orientert 05.02.2022.

Overskridingane gjeld sjølve bybane-prosjektet til Fyllingsdalen (byggetrinn 4) og stamsykkelvegen Kristianborg - Sentrum, som Bybanen utbygging byggjer for Statens vegvesen.

Fylgjande tal vart rapportert til Fylkesdirektøren den 05.02.2022 (alle tal i 2022-kr):

- Bybaneprosjektet: Sluttprognose kr 7 812 186, som er kr 267 071 over styringsramma og kr 754 009 under kostnadsramma (3,5% over styringsramma)
- Stamsykkelvegen: Sluttprognose kr 1 114 922, som er kr 120 464 over styringsramma og kr 11 659 under kostnadsramma (12% over styringsramma)

Det står att nokre avklåringar mot Statens vegvesen når det gjeld det finansielle grunnlaget, og avrekninga av ulike framskrivingsindeksar. Dette kan endre tala noko. Fylkesdirektøren minner om at desse tala er ein prognose, og at endeleg forbruk kan kome til å avvike noko frå dette. Det er likevel viktig å orientere Fylkesutvalet no, ettersom det vert rapportert om overskriding av styringsramma, som Fylkesdirektøren har som grense. Det vil framover bli arbeida med å redusere overskridinga, men prosjektet er no kome så langt at det er vanskeleg å få til større innsparingar. Begge delprosjekta har prognosar som ligg innanfor kostnadsramma som Styringsgruppa i Miljøløftet har som grense.

Etter dei siste undersøkingar og kvalitetssikringar av kva grunnlag som er rett for berekning av styringsramme og kostnadsramme for både delprosjekta, Bybanen byggetrinn 4 og stamsykkelvegen, så er ein komen til at det tidlegare er brukt både feil indekser og grunnlag for denne berekninga. Dette gjer at prosjektet si berekna sluttprognose går ut over dei nye og riktige styringsrammene både for bybaneprosjektet og stamsykkelvegen.

Bybane-prosjektet er finansiert gjennom 50/50-ordninga med halvparten statlege midlar og halvparten bompengar. Stamsykkelvegen er fullfinansiert gjennom statlege post 30-midlar.

Ettersom dei varsla overskridingane ligg innanfor kostnadsramma bør slutføringa av prosjekta gjennomførast med same finansieringskjelder. Dette vil diverre kunne gå ut over andre prosjekt i Miljøløftet, anten ved at dei vert skubba framover i tid, eller avkorta i omfang.

Vedtakskompetanse

Delegeringsreglementet 2.1.7. Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Saka gjeld ei overskriding av to delprosjekt som fylkeskommunen, gjennom Bybanen utbygging, er byggherre for. Men finansieringa av prosjekta er fastsett gjennom Miljøløftet, og det er ikkje nytta fylkeskommunale midlar. Fylkesdirektøren legg til grunn at fullføringa av dei to prosjekta vert gjort innanfor dei same finansieringskjeldene, altså statlege midlar og bompengar. Saka vil dermed ikkje ha konsekvensar for dei fylkeskommunale budsjetta.

Klima:

Ei fullføring av prosjekta vil redusera klimautslepp og bidra til nullvekstmålet.

Folkehelse:

Ei fullføring av prosjekta vil mellom anna ha høg positiv verdi for luftkvalitet, mobilitet og utjamning av sosiale ulikskapar.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ei fullføring av prosjekta vil støtta opp om FN sine berekraftsmål og mål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland.

Konklusjon

Fylkesdirektøren er gjort kjent med overskridingar i høve til styringsramma på prosjekta Bybanen byggetrinn 4 til Fyllingsdalen og Stamsykkelveg Kristianborg – Sentrum. Overskridingane ligg innanfor kostnadsramma.

Fylgjande tal vart rapportert frå styringsgruppa for byggetrinn 4 (alle tal i 2022-kr):

- Bybaneprosjektet: Sluttprognose kr 7 812 186, som er kr 267 071 over styringsramma og kr 754 009 under kostnadsramma (3,5% over styringsramma)
- Stamsykkelvegen: Sluttprognose kr 1 114 922, som er kr 120 464 over styringsramma og kr 11 659 under kostnadsramma (12% over styringsramma)

Fylkesdirektøren legg til grunn at slutføringa av prosjekta vert gjennomført med dei finansieringskjelder som gjeld for prosjektet, altså bompengar og statlege midlar. Dette krev at styringsgruppa i Miljøløftet justerer styringsramma for Bybanen til Fyllingsdalen og tilhøyrande stamsykkelveg, i samsvar med varsla overskriding.